

VINJE - EIN KOMMUNE FOR FRAMTIDA

MENNESKE, IKKJE MARKNADAR

Marknadskreftene kan ikkje løyse dei utfordringane som distriktskommunar med liten og spreidd busetnad møter. **I Vinje må det offentlege sikre innbyggjarane tilbod som barnehagar, gode helsetenester og trygg omsorg.** Fellesskapet skal ikkje vera eit hinder for at den einskilde skal få utvikle seg, men kan tvert om gjeva den einskilde nye utviklingsrom.

FOR MILJØET

All politikk og offentlig forvaltning og alt næringsliv vil i åra som kjem måtte tilpasse seg målet om å redusere verknadene av klimaskiftet mest mogleg, og halde oppe artsrikdomen i naturen.

Vinje SV vil at omsynet til klima og miljø skal vera eit førande prinsipp i lokalpolitikken, og ønskjer at Vinje skal bli eit klimafyrtårn for kommunal drift.

FOR FOLKESTYRET, MOT SENTRALISERING

Vinje SV arbeider for ein politikk som på nasjonalt nivå styrkjer folkestyret mot marknadskreftene, og på lokalt nivå gjev kommunane større råderett over eigne ressursar og gjer det lettare å opprette nye arbeidsplassar. Sentraliseringskreftene er sterke, og Solberg-regjeringa har sett i verk ein distriktsfiendtleg politikk med store reformer som byggjer opp om sentraliseringa av makt og ressursar. **SV vil at Vinje kommune skal stå opp mot all uønskt sentralisering.**

NÆRING, ARBEIDSLIV OG BUSETNAD

SV vil ha fleire vinbyggjar

Eit variert tilbod av arbeidsplassar er ein føresetnad for vekst i folketalet. Vinje kommune har eit allsidig næringsliv og store ressursar for næringsutvikling, men kommunen må heile tida **føre ein aktiv næringspolitikk for å skapa ein variasjon av nye arbeidsplassar og taka vare på dei eksisterande.**

- Landbruket er grunnleggjande for busetnaden i bygdene, for kulturen og identiteten. Vinje SV vil at kommunen skal halde fram med å støtte investeringar i jordbruket og tiltak for vidareforedling av landbruksprodukt.
- Kommunen må engasjere seg i landbrukspolitikken på same måten som på andre politikkområde med konsekvensar for distriktskommunane
- Gardsbruk er ettertrakta stader å bu. Kommunen må føre buplikta vidare og handheve ho strengt
- Etablering og utvikling av arbeidsplassar med krav til høg kompetanse er viktig for arbeidsmarknaden og må prioriterast
- Vinje kommune skal vera ein god kommune for innflyttarar. Vinje SV vil stø mottak av fleire flyktingar

- Utviklinga av reiselivet må tilpassast omsynet til natur og miljø. Turistsatsinga må stø opp om lokalsamfunnet, språket og kulturen, ikkje vera ei motkraft. Ei vidare utbygging av hytter må ikkje redusere beitekvalitetane i fjellet.

OPPVEKST OG UTDANNING

Ein god og trygg oppvekst gjev det beste grunnlaget for den enkelte og samfunnet, og ei positiv tilknytning til heimstaden. **Kommunen må gjera ein innsats for at ungdomen skal ønskje å busette seg i bygdene våre**, ved å syte for gode barnehagar til rimelege prisar, kvalitet i skulen og freistande fritidstilbod, og ved å leggje til rette for arbeidsplassar som ungdomen etterspør.

Skulane i Vinje er inne i ei god utvikling. **Vinje SV ønskjer å styrkje samarbeidet, særpreget og utviklingskrafta i Vinje-skulen.**

- Barnehage og skule har ei viktig oppgåve i å lære borna om miljø og klima.
- Det daglege måltidet med gratis, sunn mat i skulen som blei innført i Vinje i 2007, er i ferd med å få nasjonalt gjennomslag. Vinje SV vil halde fram med dette tilbodet
- Skulefritidsordninga skal vera ein trygg og god stad for born, og drivast med pedagogisk personell. SV ønskjer gratis SFO i Vinje
- SV vil halde fram tilbodet om leksehjelp for elevar på mellomtrinn og ungdomstrinn. Leksehjelpa kan vera med på å jamne ut skilnader, og gjeva hjelp til dei som ikkje har høve til å fylgje opp borna sine med lekser heime. Det bør vera pedagogisk personell som arbeider som leksehjelp.
- Leggje til rette for attraktive, varierte og tilgjengelege rusfrie fritidstilbod for born og unge
- Kommunen skal taka i mot eit høveleg tal lærlingar kvart år
- SV vil sikre «nærskuleprinsippet» for å styrkje den vidaregåande skulen på Dalen
- Samarbeidet med Universitetet i Sørøst-Noreg må halde fram, m.a. for å sikre studiestaden i Rauland

EIN BEREKRAFTIG KOMMUNE

Miljøutfordringane må møtast på globalt, nasjonalt og lokalt nivå. Den vedtekne overgangen frå fossil til fornybar energi kjem til å bli krevjande for heile samfunnet. For vasskraftkommunen Vinje kan desse utfordringane òg gjeva moglegheiter. **Vinje SV ønskjer å utvikle desse moglegheitene, og vil markere Vinje som ein sterk og framtidsretta energi- og miljøkommune.**

Naturkvalitetane i Vinje har ført til at 86 % av arealet vårt er underlagt vern eller restriksjonar i regionale planar. Samstundes kan desse kvalitetane vera grunnlaget for auka verdiskaping i reiselivet og for opplevingar for alle som bur her. **Vinje SV arbeider for ei sterkare lokal forvaltning av areal, verneområde og kulturminne, ut frå prinsippet om vern gjennom bruk.**

Vakker og artsrik natur, frisk luft, reint vatn og fråvær av støy er viktige og stadig meir etterspurde verdiar, og det er vårt ansvar å syte for at komande generasjonar får like god tilgang til desse kvalitetane som me har hatt.

- Vinje kommune må gjennomføre ein analyse av korleis vedtekne mål for klima- og miljøpolitikken vil påverke kommunen, og laga ein plan for korleis utfordringane skal møtast.
- SV vil kjempe for at Vinje kommune også i framtida skal ha tilgang på sin rettmessige del av kraftverdiene som blir produserte her, til styrking av næringsarbeid og infrastruktur
- Vinje er blitt ein verdsarvkommune. Det er ein status som må nyttast til å gjeva særleg Møsstrand verdiskaping og arbeidsplassar på bygdas premissar
- Vinje er den største villreinkommunen i landet. Vinje SV er medviten om ansvaret vårt for å verne villreinen og reinens leveområde
- Kommunen må arbeide for at ordninga med faste løyper for fritidskøyring med snøskuter, blir respektert av brukarane, m.a. gjennom opplæring i skulane. Det bør innførast konsesjonsreglar for kjøp av ATV
- Kommunen bør leggje til rette for betre avfallshandtering i organisasjonen, til dømes gjennom kjeldesortering og mindre bruk av plast Matjorda må konsekvent vernast mot nedbygging og omdisponering.

KOMMUNIKASJON

Samferdsel og andre samband har alltid vore avgjerande for nærings- og samfunnsutviklinga . Vinje SV prioriterer ei oppgradering og modernisering av dei kommunikasjonane som knyter bygdene i kommunen saman, og utgjer sambandet mellom kommunen og omverda: vegar, post, telefoni og breiband. Dei store veg- og jernbaneprosjekta nedanfor er i tillegg viktige miljøtiltak.

- Kommunen må framleis ha ei leiande rolle i arbeidet for at Vestlandsbanen over Haukeli skal bli røyndom
- Trykket for å byggje nye tunnelar over Haukelifjell må haldast oppe
- Trafikktryggleiken må betrast gjennom fleire gang- og sykkelvegar

KULTUR

Vinje er ålment kjent for ein livande, sterk og tradisjonsmedviten kultur. Det er eit aktivum for fastbuande og gjester og ein arv å føre vidare til dei som kjem etter. **Vinje SV slår fast at til tryggare lokalsamfunnet er på eigen kultur og identitet, til opnare kan det møte menneske og impulsar utanfrå.** Presset frå forbrukskulturen i storsamfunn og media er så sterkt at det trengst ei motvekt i form av ein aktiv, tidsaktuell og målretta kulturpolitikk.

- Kulturskulen gjev meistringsglede til hundrevis av born og unge, og har fått fram fleire framifrå musikarar som gjer Vinje kjend over heile landet. Vinje SV vil prioritere kulturskulen.

- SV ønskjer å profilere Vinje som ein nynorskkommune og ein kulturkommune, og vil motivere næringslivet til å bruke nynorsk
- SV støttar det nyetablerte Vinje-senteret i den vidare utviklinga på Vinjar
- Vinje og Vest-Telemark har ei uvanleg sterk historie innanfor biletkunst, og store kunstsamlingar. SV ønskjer at kunsten vår skal bli synleg og lett tilgjengeleg, og vil at kommunen arbeider vidare med planane om eit samlokalisert regionalt kunstmuseum for Vest-Telemark i Rauland

HELSE OG OMSORG

Vinje kommune har økonomi til at ein kan velje å prioritere høg kvalitet på helse- og omsorgstenestene. Vinje SV vil prioritere dette også i framtida. Innbyggjarane skal vera sikra gode tenester, og dei tilsette skal vita at dei har trygge arbeidsplassar. Slik vil ein også sikre god rekruttering til sektoren. SV legg til grunn at god førebygging reduserer behovet for behandling seinare.

Utfordringane i åra som kjem er dels at kommunane overtek fleire oppgåver frå staten, og dels at svært mange fleire får bruk for helse- og omsorgstenestene. I Vinje er talet på personar over 80 år som treng hjelp, venta å auke frå 180 i 2016 til 379 i 2040.

Dei stadene kommunen utfører tenestene på no, er ikkje eigna til å møte det samansette behovet for omsorg i nær framtid. **Ut frå dette vil Vinje SV starte arbeidet med å planleggje ny helse- og omsorgsinstitusjon. Me har tid til å førebu oss, men ikkje til å vente!**

- Vinje SV vil nytte partiapparatet sitt til å skaffe politisk støtte til etablering av luftambulansse i Vinje
- Det regionale IT-samarbeidet må få tilført helsekompetanse
- Styrkje det rusførebyggande arbeidet i kommunen gjennom ein ruspolitisk handlingsplan

DELTAKING

Vinje kommune gjev tenester og tilbod over eit vidt felt til innbyggjarane, og er ein stor, samansett og krevjande organisasjon å styre. **For Vinje SV er det viktig at styringa er kompetent og demokratisk.** Politikarane må ha interessante oppgåver og eit reelt høve til å påverke for at det skal gjeva meining i å drive politisk arbeid; og dei som ikkje deltek partipolitisk må ha høve til å gjera interessene sine gjeldande på ulike måtar. Samstundes er kommunen ein stor arbeidsgjevar som skal taka godt vare på dei tilsette.

- Bruke folkemøte og høyringar i viktige politiske saker
- Etablere fagråd der tilgangen på ekstern kompetanse er viktig for kommunale utval
- Syte for at dei tilsette blir tekne med frå starten i alle prosessar som gjeld kommunens organisasjon
- Syte for god opplæring av dei folkevalde
- Halde oppe eit godt og triveleg politisk miljø, prega av gjensidig tillit og respekt